

## **REFERAT FRA ÅRSMØTE I FAU VED ULVESET SKULE**

Stad: Ulveset Skule, musikklasserommet

Dato: onsdag 16. oktober 2019

Tid: kl 20:00 – 21:00

### **Sak 1: Valg av møteleiar**

Cecilie Mangerøy vart einstemmig vedteke.

### **Sak 2: Val av referent**

Anja S. Ulveseth Heggen vart einstemmig vedteke.

### **Sak 3: Loggføring av frammøtte representantar**

Margrete Moldestad Hopland - FAU representant 1.klasse

Nina Elisabeth Lie-Gjeseth Nordvik - 1.og 4. klasse

Ida Grønald Blænes - 3. klasse

Stig Alvheim - 1. og 5. klasse

Ninni Ludvigsen - 3. og 5. klasse

Carmenza Ulveseth - 4. og 5. klasse

Elen Elvebakk - 3., 6. og 7. klasse

Anja S. Ulveseth Heggen - 2. og 4. klasse

Cecilie Mangerøy - 1. og 4. og 7. klasse

### **Sak 4: Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Godkjent, men ein ynskjer i framtida å få det inn på vekeplanen og sende ut på sms til alle i forkant.

### **Sak 5: Informasjon om Foreldrenes Arbeids Utval (FAU) sitt arbeid i året som har gått**

FAU har gjennomført juleverkstad og 17. mai feiring.

5 FAU møter

2 Miljøutval møter

3 SU møter

Møte med Vegvesenet, Ordførar og Rektor for å få fotgjengar felt i overgang

frå Nese / Tveita og til skulen.

Vi har skreve brev til kommunen vedrørende utlysning av rektor stillinga.

Vi har vore med å bidra til Læringsmiljøplanen

Vi har vore på møte med kommunen for å få kunstgras.

### **Sak 6: Godkjenning av rekneskap og budsjett**

Godkjent med merknad om at ein bed om at ein enno ein gong purrar på sponsorar til 17.mai brosjyren om å betale. Det står kr xxxxx på bok og ein vedteke å bruke kr 6-7000,- til juleverkstad.

### **Sak 7: Val av styret**

Leiar: Cecilie Mangerøy

Nestleiar: velje på neste møte då det er mange FAU representantar som ikkje er tilstades

Miljørepresentant: Anja S. Ulveseth Heggen

Kommunal FAU: Magrete Moldestad Hopland

Kasserer: Lene Habbestad

Sekretær: Elen Elvebakk

### **Sak 8: Loddsalg**

FAU ynskjer å gjennomføre loddsalg for å få inn pengar for å styrke FAU sin økonomi. Ein tenkjer at det blir etter jul og i forkant av 17.mai. Ninni Ludvigsen kan undersøkje dette nærare.

### **Sak 9: Nynorsk i alle ressursar som ein nyttar på I-Pad**

Ved innføring av I-pad i undervisninga på 1.trinn ser ein at ein ikkje nyttar nynorsk anna enn på det skulen sjølv lagar. I rundskriv UDIR - 9 2010 står det mykje om elevens rett til å ha alle læremiddel på si eiga målform. Det fins nokre unntak, men ein spør seg om det å innføre undervisning på I-pad før alle ressursane (med det meines ikkje offentlege oppslagsverk) er på begge målføre? Norsk er på begge målføre. Ein spør seg også om kvifor ein ikkje kan nytte pilotskulen for prosjektet (Knappskog) sine ressursar for 1.klasse i undervisninga på Ulveset? Det blei informert om på foreldremøte at ein ikkje kunne nytte desse sidan mellom anna bilet bruk m.m ikkje kunne nyttast av andre enn dei sjølv. Er dette tilfelle er det forunderleg at ein pilotskule ikkje lagar ressursar som er overførbare til andre skular.

Rektor informerte om at det blir kontinuerleg jobba med for å få dette til, og at tidlegare har det også gått lengre tid for å få læremidlar på nynorsk. Ein vil fortsetje å fylgje dette opp med rektor.

## **Sak 10: Fotgjengarfelt ved overgang frå sykkel – og gongstien frå Nese / Ekren / Nordvik / Tveita / Ulveset**

Det har vore ein årelang «kamp» for å få til eit fotgjengarfelt her, og ein vil på ny setje saka på dagsorden. Det står i Trafikksikringsplanen for Fjell at det skal gjennomførast i perioden 2017 – 2020. Vegvesenet har sagt at dei har ingen avsette midlar til dette og at vi må ta det opp med kommunen for å få dei til å søkje om midlar til dette. Tidlegare ordførar Marianne Bjørøy seier at ho har sendt det vidare. Påtroppande ordførar Indrevik sa fyrst at han ville ta saka for så å trekkje seg. Anja S. Ulveseth Heggen fylgjer saka vidare.

## **Sak11: Høyring Forslag til Vedtekter for skulefritidsordninga i Øygarden kommune**

Sjå vedlegg.

Ein ynskjer at det skal være meir spenstige aktivitetar for å gjera det meir attraktivt for dei eldste borna å vera på SFO. Ein ynskjer også å gje innspel om det er mogeleg for dei som berre har ettermiddags SFO om å ha borna til kl 16.30 / 17.00 til liks med dei som har både morgon - og ettermiddags SFO.

## **Sak 12: Familiebading**

Familiebading på Ulveset. Tidligere har Fjell grendalag arrangert dette for sine medlemmer. Det vil kreve at nokon booker badebassenget, samt eitt sett på 4 badevakter. Det er årlige utgifter på ca kr 800 pr badevakt for kurs i livredning. Pr no er det ikkje ressursar til det.

## **Sak 13: Bytte dag**

Skal FAU arrangere ein bytte dag?

Det er ynskjeleg og Nina E. Lie - Gjeseth Nordvik jobbar vidare med saka. Margrethe Moldestad Hopland tilbaud seg til å vera med.

## **Sak 14: Gymsalen**

Korleis skal vi håndtere torsdagene?

KRIK lurar på om dei kan låne gymsalen fra 19-20 om torsdagene eventuelt 19.30-20.30. Det er OK at dei lånar salen kl 19.30-20.30.

## **Elles:**

- Leiar i FAU ynskjer å skrive eit innlegg i VestNytt vedrørande ned prioritering av satsing på barne- og ungdomspsykiatrien i nye Øygarden kommune. Det er planlagt ein fest for å feire samanslåinga av kommunane med budsjett på kr 1,5 millionar. Bruk heller pengane på born- og unge som slit.
- Parkeringsplass: respektør oppmerka felt og køyremønster. Det oppstår farlege situasjonar dersom ikkje. Av - og påstigning er til av- og påstigning og ikkje parkering.

## **Møtet slutt kl 21.00.**

Referent: Anja S. Ulveseth Heggen